

Årsmelding for Musica Sacra 2022

Styret som vart valt på årsmøtet 01.07-2022:

Leiar: Anne Karin Stormyr: attvald som leiar for 1 år. På val i 2023

Styremedlemmer:

Anders Eidsten Dahl: attval for 1 år, valperiode 2022-2023

Corinna Stamm: attval for 1 år, valperiode 2022-2023

Magne Emberland attval for 2 år, valperiode 2022-2024

Anne Lise Grøm attval for 2 år, valperiode 2022-2024

1. vara: Ellinor Grimnes (ny) attval for 1 år, valperiode 2022-2023

2. vara: Ingunn Aune Steinbakken: attval for 1 år, valperiode 2022-2023

Valnemnd: Astri Marie Bauer (ny) og Ragnhild Hadland attval for 1 år, valperiode 2022-2023

Revisor: Lars Audun Fodstad – attval for 1 år, valperiode 2022-2023

Alle vart samrøystes attvalde.

Styremøte:

I 2022 hadde styret to fysiske møte på kurset og 6 digitale, og behandla 42 saker. Dei fleste sakene handla om neste års sommerkurs.

Medlemmer:

Musica Sacra hadde 72 betalande medlemmer- 46 over 26 år og 26 under 26 år.

Sommarkurset:

Sommarkurset i 2022 var på Solborg folkehøgskule i Stavanger frå 29. juni til 3. juli 22.

Det var rundt 70 deltakarar.

På kurset var det tilbod om vaksenkor, barnekor, knøttekor, rytmesprell, ungdomskor, strykeorkester, blokkfløytegruppe, orgelundervisning for barn, vokalopplæring og gregorianske tidebøner.

Tingingsverket var komponert av Petra Bjørkhaug for kor (SATB), barnekor, orgel og obligat. Dette flotte verket vart urframført på konserten, og gjentatt under gudstenesta.

Årets Bach-kantate: Nr. 23: «Du wahrer Gott- Christe du Lamm, vart framført på konserten og delar av den under gudstenesta.

Dirigentar og lærarar: *Oddgeir Kjetilstad*, domkantor i Stavanger (dirigent for vaksenkorret & felleskorret), *Henriette Skagen og Yngvild Stuksrud* (dirigentar for barne- og ungdomskoret), *Ellinor Grimnes* (repetitør b&u-kor og tidebønleiar), *Anders Eidsten Dahl* (kursorganist/ repetitør vaksenkorret), *Dorthe Fiskå* (Knøttekorret), *Torbjørn Ottersen* (Rytmesprell), *Kristin Eek og Davis Scott Hamnes* (orgellærarar), *Corinna Stamm* (barneorkester, fiolin- og bratsjlærer og strykeorkester), *Anne Stine Dahl* (cellolærer strykeorkester), *Anne Gundersen* (blokkfløyteensemble) og kyrkjemusikkstudentar

Seminar: Vi hadde 3 seminar: «Gregoriansk song» ved Schola Solensis, «Evensong i Noreg «ved Jo Coldicott Dalene og «Middelalderkyrkjene på Ryfylkeøyene i Stavanger» ved Arne Martin Aandstad. Utflukta gjekk til Talje middelalderkyrkje. Laurdag heldt vi konsert i Stokka kyrkje, gudstenesta søndag var i Tjensvoll kyrkje.

Leiar for kurset var Anne Karin Stormyr.

Anne Lise Grøm
skrivar

Hellesøy 01.06.23